

<b>Kva:</b>	Innkalling til møte nr. 04 i Skikrinsstyret 2025-2027
<b>Tidspunkt:</b>	Måndag 10. november 2025, kl. 20:00-21:30
<b>Stad:</b>	Digitalt via Microsoft Teams
<b>Sakliste:</b>	<p>REFERATSAKER</p> <p>SAK 34 25-27      Godkjenning av innkalling og sakliste</p> <p>SAK 35 25-27      Godkjenning av protokoll nr. 03 25-27</p> <p>SAK 36 25-27      Oppsummering frå haustmøte 26. oktober</p> <p>RAPPORTERINGSSAKER</p> <p>SAK 37 25-27      Rekneskapsrapport pr. 07.11.2025</p> <p>DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER</p> <p>SAK 38 25-27      Foreldrepermisjon adm. sjef</p> <p>SAK 39 25-27      Prosjekt – ‘Rekruttering i klubb gjennom fornying av skianlegg’</p> <p>EVENTUELT</p>
<b>Til stades:</b>	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Tonje N. Tangerud, Anders Engeland, Eline Fannemel, André Haugsbø, Atle Sæterbakken, Jon Ove Lomheim, Melanie Hetkamp-Andersen og Kennet Dvergedal (adm.)
<b>Forfall:</b>	
<b>Referent:</b>	Kennet Dvergedal

## REFERATSAKER

**SAK 34 25-27      Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**Bakgrunn**  
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

**VEDTAK**  
Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

**SAK 35 25-27      Godkjenning av protokoll nr. 03 25-27**  
**Bakgrunn**  
Protokoll frå styremøte nr. 03 25-27 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare. Protokollen er også vedlagt.

**VEDTAK**  
Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 03 25-27



SAK 36 25-27

## Oppsummering frå haustmøte 26. oktober

### Bakgrunn

Oppsummering og evaluering frå haustmøte 26. oktober 2025 på Sandane.

- Fellesdel
- Greinvisse fagmøter
- Treningssamling

### VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

## RAPPORTERINGSSAKER

SAK 37 25-27

## Rekneskapsrapport pr. 07.11.2025

### Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 07.11.2025 er vedlagt. Adm. sjef legg fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal;

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK resultat
kr. 1 985 225,-	kr. -1 630 469,-	kr. 354 756,-
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU resultat
kr. 733 737,-	kr. -727 573,-	kr. 6 164,-
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK resultat
kr. 236 085,-	kr. -213 417,-	kr. 22 668,-
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat
kr. 124 500,-	kr. -83 788,-	kr. 40 712,-
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat
kr. 676 769,-	kr. -552 122,-	kr. 124 647,-

Eigenkapital pr. 31.12.2024:

- Eigenkapital AU: kr. 916 291,-
- Eigenkapital AK: kr. 712 013,-
- Eigenkapital HKK: kr. 82 121,-
- Eigenkapital LK: kr. 549 941,-

### VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten og gjennomgang av opne postar til orientering. Til neste møte vert det aldersfordelt saldoliste lagt ved og sendt med sakspapira i framkant av styremøte.



## DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

### SAK 38 25-27 Status foreldrepermisjon adm. sjef

#### Bakgrunn

Administrasjonssjef går ut i 100% foreldrepermisjon i perioden 9. februar til 19. juni 2026.

Styreleiar og adm. sjef følgjer opp prosess med NSF om korleis ein dekker oppgåvene til adm. sjef i perioden.

Administrasjonssjef, Kennet Dvergedal, har varsla at han har fått nytt jobb og kjem til å seie opp stillinga i NSF etter permisjonstida.

#### VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at adm. sjef og styreleiar følgjer opp.

### SAK 39 25-27 Prosjekt – 'Rekruttering i klubb gjennom fornying av skianlegg'

#### Bakgrunn

Prosjekt 'rekruttering i klubb gjennom fornying av skianlegg' går ut på å gjere eksisterande skianlegg meir spennande for born og unge og stimulere til auka rekruttering og auka eigenorganisert aktivitet.

Prosjektet har ei total kostnadsramme på kr. 22 400 000,-, og det er budsjettert med om lag 1/3 (kr. 7 420 000,-) i støtte frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.

Skikrinsen hadde møte med Sparebankstiftinga fredag 26. september, og Sparebankstiftinga er positive til prosjektet.

I møte laga ein følgjande framdriftsplan:

Kva	Frist	Ansvar	Status	Merknad
Møte Sparebankstiftinga	26. sept	KD	Gj. ført	
Skrive/ justere søknad	16. okt	KD/ MM	Gj. ført	
Arbeidsmøte med NSF anleggsrådgjevar	16. okt	KD/ MM	Gj. ført	Invitasjon sendt
Skrive/ justere søknad	27. okt	KD	Gj. ført	
Sende søknad til Sparebankstiftinga	27. okt	KD	Gj. ført	
Oppfølgingsmøte Sparebankstiftinga	30. okt	KD	Gj. ført	Invitasjon sendt
Styrevedtak om prosjektgruppe og nødvendig ansvar	10. nov?	KD/ JÅR		



Webinar skiklubbane	11. nov	KD		Invitasjon sendt
Oppfølgingsmøte Sparebankstiftinga	TBD	KD		
Start pilotprosjekt	TBD	Prosjekt-gruppa		

## VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vedtak om å spørje følgjande personar til prosjektgruppa:

- Anders Engeland (anleggskontakt SFSK), leiar
- Kennet Dvergedal (adm. sjef)
- Melanie Hetkamp-Andersen (SKU)
- Marianne Myklebust (anleggsrådgjevar NSF)
- Jorunn Åsfrid Røyrvik (styreleiar SFSK)

Vidare gjer skikrinsstyret vedtak om å gje prosjektgruppa mandat til å lage rammevilkår for å gjennomføre prosjektet i si heilheit. Prosjektgruppa skal elles rapportere til skikrinsstyret om status i prosjektet på kvart styremøte. Ei eventuell forlenging av prosjektet skal ha nytt vedtak i skikrinsstyret.

## EVENTUELT

**Neste møte i Skikrinsstyret;** måndag 1. desember kl. 17:00

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)  
Leiar

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef